

Røysterett for alle har lagt ein syklus-suksess bak seg, men kvilar ikkje på laurbæra. Laurdag er dei engasjert i eit nytt arrangement på Husnes. Det er eit minisongarstemne som blir innleia med 3 sangøker i Storsenteret og held fram i Kulturhuset om kvelden. Der skal dei syngja saman med 5 andre kor. Eitt av dei kjem frå Kvam.

Det er Strandebarm Songlag som vårt lokale kor har vitja tidlegare og som har gjort eit svært positivt inntrykk på songarane frå våre kantar.

Dei 4 andre er Halsnøy Strupeband, Rosendal Songlag, Husnes Blandakor og Jentekoret Rimchimbih.